

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hamre

Emne: Skav

Bygdelaq: Dalebygda

Oppskr. av: Sverre Kvamme

Gard: Mundal

(adresse): Leiknestangen

G.nr. 10 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Det eg har sett og høyrte.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Her i bygda vart det nytta skav, beit og lyng.

Skav er den tunne borken på treet, beit er dei siste
 årsvekstane av ^{topp og greiner} lyngget måtte vera mjukt og grønt.

Samnamnet på dette hjelpeforet var: Bjerg

2. Andre namn enn "bjerg" er ukjende.

3. Ein bøyer verbet å skava slik:

å skava - skjev - skov - skave.

4. Til og med 1915 var det ålment å skava om vinteren.

Gardar med god skavskog vart rekna som gode gardar.
 Eg minnest frå 1910 at det var spørsmål om kva som

var grunnen til at ^{eit} gardsbruk~~et~~ hadde så stor matrikkel-

skuld. Ei gamal kona på bruket fortalde då at det

alltid hadde vori sagt at det var den gode skavskogen

som gjorde at matrikkelkommissjonen sette bruket så

høgt i matrikkelskulda. Dei skov så mykje at buskap-

talet vart stort. Ein mann hadde det som vinterarbeid

å halda fjøset med godt skav. Skogen vart stelt slik

at det vart god skavskog. Dei hogg trestomnen av vel

ei mannshøgde oppe. Frå denne stuven skaut det så opp

raklege greiner. Desse vart år om anna hogde som skav.

Sers vart raun, ask og alm syvde slik. Skav vart då

rekna som regulært for. Etter 1915 vert skav berre

nytta som "naudfor. i vanskelege år.

5. Som skavskog nytta ein: ask, raun, hegg, selja, lind, alm

og osp. Ein skov og skjev ikkje furetre. Raun vart rekna

som beste skavet.

6. Slike nemningar er ukjende. Det stykket (greina,

pinne) som var avskavi vart kalla: skjevling, same

kva treslag det var av.

7. Ein rekna raunen som gjævaste skavet. Det vart alltid

feit mjølk av rauneskavet, og buskapen vart i godt hold.

Det smaka heller ikkje noko på mjøka av dette skavet.

Asken var også svært god. Den gav fin og slett buskap, men ein måtte vera varsam med foringa. Det kunne bli usmak på mjølka. Lind og alm vart rekna som ringare for, men lægst på lista kom osp og selja. Selja ville ein naudleg røra før om våren når ho fekk blom og blad. Då flakte ein borken av ho. Ospa vart helst nytta til ~~slike~~ slike dyr som ikkje mjølka. Det vart så lett stram smak av mjølka. Bjørka skov ein ikkje, men ein skar av dei tunnaste kvistene med sigd. Her var også rim og regle om skavet. Det endrast frå grend til grend etter som skavskogen endrast. Vanta eit treslag, så vart det sett inn eit anna i rimet. Her er rimet i Dalebygda:

Raunen gjø,
asken fø,
selja svelte,
ospa velte,
hegg set merg i legg.

8. Heile buskapen fekk skav, både kua, geita, sauene og hesten. Hesten fekk helst litt mjøl på sitt skav, og han fekk heller ikkje så mykje skav som kua. Kua fekk sitt skav saman med høyet godt samanvondla. Geita og sauene fekk minst skav. Dei fekk ei blanding av høy, skav og hakka einebar. Kua fekk også mest lyng. Det vart også vanda saman med høyet. Hesten fekk ikkje lyng. Ein bruka å fora med skav og lyng frå buskapen vart sett inn om hausten og til han vart slept på beitet om våren. Elles var det slik at all buskap gjekk lenge ute om hausten. Sauene og geita fekk berre skav og lyng når det vart snø så dei ikkje kunne sleppast ut i marka, der dei sjølve fann lyng og anna å eta. Dei skavslaga som er nemnd ovanfor vart vanleg eti av dyra. Older har ikkje vori nytta som "Bjerg".
9. Var det godt skav, såg ein snart at kyrne mjølka meir og vart i betre trivnad. Rauneskavet gav gulare og tjukkare rjome. Ospa og ender og då også heggen gav beisk smak på mjølka.
10. Det var ålment å draga på skogen etter "skavdrøg" og skavlass. Det vart ~~beste~~ beste skavet når det var av nyhoggen skog. Berre ender og då skov ein av vedalaset, som då måtte vera eit lass av greiner. Hesjeved kunne skavast med det føremål at skavet skulle bli krøterfor, Men regelen var at ein hogg skav, og av dei avskavne kvister fekk ved.
11. Ein køyrer etter skavlass, eller går etter skavdrøg.

12. Skav.
13. Ordet ukjend.
14. Skavet vart henta i vinterhalvåret, helst etter jul. Det har ikkje vori sett på som noko surt arbeid å ~~køyra~~ etter skav, eller om ein gjekk hestelaus og tok ei skavdrøg med seg heim. Ein henta ikkje skav på helg~~ed~~agar.
15. ~~Skavskov~~ Skavemnet vart lagt i tunet. Var det berr mark, tok ein ein liten stabbe og sette i tunet og så laga ein skavet til. Stokkar ^{kvister} og greiner på tjukn som til og med ein arm vart hogde i lengder på lag ei aln (60 cm). Dei vart slik tilhogde av skavljaen ikkje sette seg fast i kvister og krokar, men kunne glida lett. Dette ferdige skavet vart så lagt i lad og bori i stova. Var det snø eller regn, vart skavet laga til i vedskjykkja. Ein skov inne i stova. Der vart det sett ein stokk frå golv til tak. Mot denne stydja ein skavljaen med høgre handa ~~nn~~ medan ein med venstre handa drog skavkvisten ~~over~~ ^{under} kniven. Var skavet frosi, måtte det tina før ein skov. Ein skov både om dag og kveld etter som ein hadde skavet laga ferdig. Det var meir sjeldan at ein skov i fjøset. Buskapen skulle ha ro. På vårparten bruka somme å sitja i lød med skavinga.
16. Den vanlegaste reidskapen var skavljaen. Det var ein tunnsliten langorv som vart nytta. Ein balla ~~exix~~ ei gamal tyfille kring ljaen i eine enden (den enden som er festa i ljåskافت). Dette var heile tilstellinga Sers tillaga skavljå vart ikkje nytta. Skavljaen måtte ikkje vera for brei. Då var det ikkje så godt å få han til å smetta inn i dei krokar som det vanlegvis vil vera på ei grein og ein kvist. Dei gamle tynslleljårne er ukjende her i dette hundretalet.
17. Som før skrivi vart skavet hoggi i lengder på lag ei aln (60 cm.) Med øksa måtte ein få kvar skavpinne så slett som mogeleg. Dette var for di at skavljaen ikkje skulle setja seg fast i den enden av greiner og kvister som sat att på skavpinnen. Inne i stova vart det sett opp ein stokk frå golv til tak. Til denne vart odden av skavljaen stydja. Ein hadde ljaen så langt inn for stokken at ljaen kvilde godt, - ein 4 - 6 tommar. I mange heimar bruka dei å spikra

små fjøler på sengehjørna og så la ein ljåodden mot desse. Fjølene skulle hindra at det vart gnag på sengekanten. Som støtteanlegg vart elles nytta det som var for handa i kvar heim. Her var det helst stokken frå golv til tak som vart nytta. Eg har høyrte ordet skavkrakk, men kjenner ikkje til kva omgrep det ordet dekkjer. Når så skavet vart bori inn i stova, måtte det liggja så lenge at det var frostfrøtt. Ein skov slik: Skavaren sette seg på ein krakk, stol, skammel eller kasse som var passeleg høg. Så tok han skavpinnane med venstre handa. Med høgre handa støtta han skavljåen mot stokken eller sengekanten slik at egga snudde frå han. Med venstre handa la han så skavpinnen ^{under} ~~over~~ ljåen og drog pinnen til seg såleis at ljåen skar av borken i høveleg storleik. Det måtte ikkje vera for mykje ved med. Den avskavne pinnen som her vart kalla "skjevlingen" vart lagd i sers haug. Ein fekk då tre dungar i stova. Skavet med bork på: skavet.

Den avskavne borken: skavet.

Dei avskavne pinnane: skjevlingane.

~~SDx~~ Den avskavne borken vart samla i kiper og bori i lå. Skjevlingane vart borne i vedskykkja.

Buttar og strongar som skulle bli ved eller staur vart helst lagd på sagekrakken når dei vart skavne. Somme hadde eit hol i ein mur der eine strongenden vart sett inn, den andre låg på krakk. Elles hadde ein ymsen teknikk til slikt arbeid. Somme slengde berre eine enden av stokken opp på eit lad og greidde skavinga der. På store stokkar held dei skavljåen med begge hender.

18. Sjå ovanfor. Skavhæl ukjent ord.

19. Sjå ovanfor.

20. Skav.

21. Skav, skavet. Den einskilde blokk kallast skavblokka

22. Sjå ovanfor.

23. Ein skjevling - skjevlingen - skjevlingar - skjevlingane. Tjukkare skavemne vart ikkje hogd opp og bori i stova. Dette skov ein ute. Den avskavne veden vart kalla skavstrong.

24. Skavet skulle vera tunt og fint, men det vart ikkje rekna for noko lyte om det fylgde litt av veden med, men det måtte vera svært lite ved. Det skulle øving og handelag til å verta ein god skavar. Det måtte ikkje vera bork att på skjevlingen, og heller ikkje måtte det vera for mykje ved i skavet.

25. Den avskavne vedeh,skjevlingane,vart nytta til ved både i omn og grua.Dei tunne pinnane ~~fegde~~ fengde og brann lett.Sers lika ein å ha skjevlingar når ein steikte potetkaker på bakstehella i grua.Til ved under flatbrødet var skjevlingane lite tenleg.Dei brann for lett og gav for sterk varme.Flatbrødet hadde då lett for å bli brend.
26. Skavet høyrer fortida til.I første verdskrigen vart det godt om arbeid.Det løynte seg å vera ute på arbeid og kjøpa mjøl og høy i eit knipetak i staden for å sitja heime og skava.Ein kann seia det slik at i 1915 slutta dei å skava her i bygda. I åra 1920-1940 dyrka dei meir på gardane,og fann at det også var meir lønsamt enn å skava.Det synet gjeld enno.No er det eit sersyn å sjå ein skjevling Det er å tru at skavkunsten går i gløyme dette hundre-året. Slik har det ~~k~~ gått med lyngskjeringa også. Som eit uspurd tillegg vil eg nemna at også tangskjering til krøterfor er slutt.I mange utskiftingar frå 1880 åra vil ein sjå at dei ymse bruk har teki undan rett til tangskjering til krøterfor.Sidan 1900 har denne rettan ikkje vori nytta.Eg har ikkje sett ei tangflis i noko fjøs.